



Slik tenkjer ein seg eit nytt buss-skur nedanfor Halsabråtet.

**Å få opp fleire buss-skur langs riksvegen var ei av oppgåvene som vart reist under det første Dialogforum som Uskedalen Utviklings Bygdeutviklingsprosjekt heldt i Gamleskulen i mars. Under april møtet tysdag kveld la Kjetil Hauge frå velforeninga i Halsabråtet fram eit utkast som hadde villmarkspanel og torvtak.**

Under kontaktar med Statens vegvesen har det kome fram at eigendesigna buss-skur kan godtakast i einskilde høve og ein vil no freista å få godkjent dette utkastet. Skuret skal eventuelt reisast ved buss-stoppen nedanfor Halsabråtet og banken har fått søknad om 50.000 kroner til prosjektet..

I møte med vegvesenet er det mellom anna opplyst at dei ikkje nyttar betongskur lenger fordi dei klappar saman ved påkøyrslar.

Eit anna prosjekt som det blir jobba med er å laga ein plakat for dei store tilskippingane også denne sommaren og plakaten er no like rundt hjørnet. I denne samanhengen vart det opplyst at båtlaget ikkje maktar å få til nokon bryggjedans denne sommaren sjølv om det vart sagt under årsmøtet at den skal haldast 21. juni.

Denne sommaren skal det ellers arbeidast vidare med merking av turvegar og stiar. Idrettslaget si turgruppe står for merking av stiane i fjellet medan friluftsgruppa i Uskedalen Utvikling har ansvar for turvegane i nærområdet.

Begge grupper treng hjelp til rydding, merking, grusing og skilting og Steinar Haugland (fjellet) og Åse Neset (nærområdet) er kontaktpersonar. Mellom tiltak som må til er grusing av turvegen over Dønhaug. Tor Myklebust har no laga eit nytt, detaljert kart for nærområdet som snart skal leggjast ut.

Behovet for vegljøs på private vegar i Skårhaug vart påpeika og det vil bli arbeidd vidare ved kommunen og Kvinnherad Energi for å få opp to-tre ljospunkt. Det er også på gang montering av ljøs ved den nye gardsbarnehagen og opp til Dønhaug og det nye bustadfeltet frå den kommunale vegen.

Thor Inge Døssland og Espen Zimmer kom med forslag om ein aktivitetskalender på nettsida som gjev ein oversikt over kva som skal skje og hindrar "stemnekollisjonar". Forslaget vart godt motteke og det vil bli realisert så snart som råd. Det vil også bli laga ei kortfatta og enkel papir-utgåve av nyhende frå nettsida for utlegging på "strategiske stader" i bygda.

Leiar Gunnar Myklebust i Uskedalen Utvikling oppmoda interesserte om å melda seg til han for dugnadsinnsats av ymse slag på Gamleskulen.

Av Ola Matti Mathisen